



Årsmelding Leikanger Båtlag for 2024

Styret og hamnekomité m.m. har i perioden hatt følgjande samansetjing

		På val
Leiar	Bjarne A. Sjøthun	2025
Styremedlem	Bjarne A. Sjøthun	2026
Styremedlem	Arne Egil Husabø	2026
Styremedlem	Jan Atle Woll	2025
Styremedlem	Svein Helge Steinsåker	2025
Styremedlem	Geir Morten Skorpen	2026
Varamedlem	Robert Padlesak	2026
Varamedlem	Lars Nes	2025
Revisorar	Jon Erling Oppedal	2026
	Torbjørn Hasund	2025
Hamnekomité	Anders Borlaug (leiar)	2025
	Ronny Ertslund (nestleiar)	2025
	Johnny Jakobsen	2026
Aktivitetsnemnd	Torfinn Svedal	2026
Valnemnd	Kjell-Arne Valvik	2026
	Vidar Trettenes	2026
	Ole Simen Nesdal	2025

1. Generelt

Det har i også 2024 vore lagt ned ein stor innsats for å gjennomføre utbetringar og løpande vedlikehald av hamneanlegg og bygningsmasse. Vi er særleg nøgde med at vi har fått asfaltert aktuelle areal, og dette har gitt hamneanlegget eit løft. Styret ønskjer å takke alle som har bidrege, og vi ser fram til mykje trivsel og aktivitet i åra framover.

2. Styremøte

Styret har i inneværande periode hatt tre styremøte, og har m.a. handsama og diskutert saker som gjeld:

- økonomi, investeringar og vedlikehald
- planlegging og oppfølging av dugnad, inkl.fakturering uteblitt oppmøte
- omplassering av båtar
- utleige, overdraging, kjøp og sal av båtplassar
- gjennomgang av vedtekter
- kameraovervaking - tryggleik
- oppfølging av innmeldt skade på anlegg
- fasilitetar for gjestehamn / klubbhus

Styret har også diskutert og handsama ei rekkje andre saker i samband med løpande drift av hamneanlegg og båtlaget, og som førebuing til årsmøtet 2025.

3. Medlemar

Det er registrert 134 båtplassar i hamna.

Årsreknskap

Viser til sak på sakliste.

4. Sal/kjøp av båtplassar

I 2024 har det vore omsett 11 båtplassar, herav 3 i austre hamn og 8 i vestre hamn.

5. Dugnad

Følgjande er utført i 2024:

- måling av klubbhus veggør aust og sør
- noko skjelskraping (skal i utg.pkt. gjerast kvart år)
- rydding, slått og vedlikehald
- olje gjestehamn og vestre hamn
- utbetra og erstatta kjetting og moring
- skjerming av slipp mot fjorden
- ymse oppgåver i samband med grunnarbeid og asfaltering
- utbetring av lekkasjar vassleidningar austre hamn
- utbetring av lysanlegg begge hamner
- slipping av 15 båtar

I tillegg til ordinær dugnadsinnkalling er det av lagt ned eit omfattande arbeid i samband med drift og reinhald av klubbhus og løpande drift av av hamneanlegget.

Båtlaget er avhengige av at medlemmar stiller på dugnad, slik at vi held anlegget ved like utan å måtte kjøpe eksterne tenester.

Leikanger 26.02.25

- Styret -